



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtedato: 15.09.2015
Møtetid: 11:00 - 13:30
Møtestad: Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 7, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemene møtte ikkje:	I staden møtte:
Roy Vegard Hope (H)	Eva Hellevang (H)

Andre som var til stades på møtet:
Rådmann Tone Ramsli, økonomisjef Nina Erdal under sakene 23 – 25/15

Møteleiar:	Marit A Aase
Møtesekretær:	Tone Ramsli

Merknader:
Ordfører las opp melding til formannskapet frå Roy Vegard Hope der han forklarte kvifor han ikkje har delteke i det politiske arbeidet siste to åra.

Orienteringar/meldingar:	Interkommunalt barnevern
---------------------------------	--------------------------

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 22.09.2015

Underskrift utvalsleiar

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
022/15	15/720	Faste saker	
023/15	15/335	Finansrapportering 2.tertial 2015	
024/15	11/611	Høyringsuttale til forslag om å fjerna eigedomsbeskatning på arbeidsmaskiner mv. i verk og bruk.	
025/15	15/267	Søknad om fritak for eigedomsskatt - Sætervika ungdomssenter	
026/15	15/267	Søknad om fritak for eigedomsskatt for bygningar med historisk verdi GBNR 47/5	
027/15	13/220	Sak vedrørande varslingar frå tilsett	U Ikkje offentleg
028/15	13/220	Førespurnad om auka refusjon av advokatutgifter	
029/15	15/630	Søknad om tilskot frå Næringsfondet til delfinansiering av brosjyre	
030/15	14/397	Interkommunal Næringsarealplan for Fusa, Os og Samnanger - endeleg godkjenning	

SAKNR. 022/15
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

15.09.2015 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Det var på førehand sendt ut eit notat frå rådmannen om interkommunalt samarbeid om barnevern. Formannskapet drøfta denne saka, og det var semje om å laga sak til kommunestyret 14.09.2015.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak med tillegg om at sak om interkommunalt barnevern vert førebudd til kommunestyret.

FORM-022/15 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.
- Sak om interkommunalt barnevernsamarbeid vert førebudd til handsaming i kommunestyret 14.9.2015

SAKNR. 023/15
FINANSRAPPORTERING 2.TERTIAL 2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Finansrapporten for 2.tertial vert tatt til etterretning.

15.09.2015 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FORM-023/15 VEDTAK:

Finansrapporten for 2.tertial vert tatt til etterretning.

SAKNR. 024/15
HØYRINGSUTTALE TIL FORSLAG OM Å FJERNA EIGEDOMSBEKATNING PÅ ARBEIDSMASKINER MV. I VERK OG BRUK.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune støtter ikkje Finansdepartementet sitt forslag om å fjerne eigedomsskatt på arbeidsmaskiner mv. i verk og bruk eller forslaget om i tillegg å fjerne verk og bruk som lovbegrep og utskrivingsalternativ.

Dersom forslaget vert vedtatt vil det for Samnanger kommune føre til eit årleg tap i inntektene på ca 3 – 3,5 millionar kroner. I prosent utgjer det ca 30 % av inntektene frå eigedomsskatt på verk og bruk og ca 1,8 % av dei totale driftsinntektene i kommunen. I tillegg vil forslaget føre til at det vert nødvendig å foreta ein fullstendig omtaksering av alle verk og bruk i kommunen. Kostnaden med omtakseringa vil for Samnanger kommune bli ca 130 000 kroner.

Samnanger kommune ligg lågare enn landsgjennomsnittet når det gjeld skatteinngang frå inntekt og formue. Inntekt frå eigedomsskatt på verk og bruk har i mange år gitt kommunen økonomiske rammevilkår til å kunna gi innbyggjarane god kvalitet på tenestene. Dersom forslaget vert vedtatt, vil det medføre at Samnanger kommune må redusera driftsutgiftene med eit tilsvarende beløp, og/eller auka nivået på eigedomsskatt på private eigedomar. Innafor ein allereie stram økonomi, vil forslaget kunna medføra redusert tenestetilbod til innbyggjarane.

Moglegheita med å skrive ut eigedomsskatt på verk og bruk har hatt betydning for kommunen sin haldning til mellom anna nye kraftlinjer. Eigedomsskatten er den einaste reine kommunale skatteordninga og er den skatteordninga som er best eigna til å oppfylle målet om at ein del av verdiskapinga skal gå direkte til lokalsamfunnet.

Det vert hevda i høyringsnotatet at skatt på verk og bruk fører til eit stort tal klager. Samnanger kommune gjennomførte omtaksering av verk og bruk i 2012. Av 15 verk og bruk som vart taksert, kom det 1 klage.

Samnanger kommune stiller seg bak høyringsuttale som er gitt av KS og LVK. Me støttar og forslaget om at det vert utarbeidd nasjonale retningslinjer for eigedomsskatt på verk og bruk. Me er og einige i at det bør vurderast om kommunane kan vedta botnfrådrag til skjerming av småbedrifter og adgang til å gi fritak for nystarta bedrifter.

15.09.2015 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Framlegget frå rådmannen vart vedteke mot 1 røyst (Gunnar Bruvik (Frp)).

FORM-024/15 VEDTAK:

Samnanger kommune støtter ikkje Finansdepartementet sitt forslag om å fjerne eigedomsskatt på arbeidsmaskiner mv. i verk og bruk eller forslaget om i tillegg å fjerne verk og bruk som lovbegrep og utskrivingsalternativ.

Dersom forslaget vert vedtatt vil det for Samnanger kommune føre til eit årleg tap i inntektene på ca 3 – 3,5 millionar kroner. I prosent utgjer det ca 30 % av inntektene frå eigedomsskatt på verk og bruk og ca 1,8 % av dei totale driftsinntektene i kommunen. I tillegg vil forslaget føre til at det vert nødvendig å foreta ein fullstendig omtaksering av alle verk og bruk i kommunen. Kostnaden med omtakseringa vil for Samnanger kommune bli ca 130 000 kroner.

Samnanger kommune ligg lågare enn landsgjennomsnittet når det gjeld skatteinngang frå inntekt og formue. Inntekt frå eigedomsskatt på verk og bruk har i mange år gitt kommunen

økonomiske rammevilkår til å kunna gi innbyggjarane god kvalitet på tenestene. Dersom forslaget vert vedtatt, vil det medføre at Samnanger kommune må redusera driftsutgiftene med eit tilsvarende beløp, og/eller auka nivået på eigedomsskatt på private eigedomar. Innafor ein allereie stram økonomi, vil forslaget kunna medføre redusert tenestetilbod til innbyggjarane.

Moglegheita med å skrive ut eigedomsskatt på verk og bruk har hatt betydning for kommunen sin haldning til mellom anna nye kraftlinjer. Eigedomsskatten er den einaste reine kommunale skatteordninga og er den skatteordninga som er best eigna til å oppfylle målet om at ein del av verdiskapinga skal gå direkte til lokalsamfunnet.

Det vert hevda i høyringsnotatet at skatt på verk og bruk fører til eit stort tal klager. Samnanger kommune gjennomførte omtaksring av verk og bruk i 2012. Av 15 verk og bruk som vart taksert, kom det 1 klage.

Samnanger kommune stiller seg bak høyringsuttale som er gitt av KS og LVK. Me støttar og forslaget om at det vert utarbeidd nasjonale retningslinjer for eigedomsskatt på verk og bruk. Me er og einige i at det bør vurderast om kommunane kan vedta botnfrådrag til skjerming av småbedrifter og adgang til å gi fritak for nystarta bedrifter.

SAKNR. 025/15

SØKNAD OM FRITAK FOR EIGEDOMSSKATT - SÆTERVIKA UNGDOMSSENTER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søknaden frå Sætervika Ungdomssenter om fritak for eigedomsskatt i 2015, vert innvilga. Heimel for vedtaket er eigedomsskattelova § 7, bokstav a.

15.09.2015 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Birthe Skar-Moum (Ap) sette fram slikt framlegg til vedtak:

Saka vert utsett. Administrasjonen vert bedt om å få vurdert om det var mogleg å skriva ut eigedomsskatt på delar av eigedomen – bustadhuset.

Etter drøftingar trekte Birthe Skar – Moum (Ap) attende utsettingsframlegget og sette fram nytt framlegg:

Saka vert sendt til kommunestyret. Bustadhus på eigedomen vert beskatta etter eigedomsskattelova og resterande del vert fritatt etter paragraf 7, bokstav a.

Formannskapet vedtok samrøystes framlegget frå Skar-Moum. Ingen røysta for framlegget frå rådmannen

FORM-025/15 VEDTAK:

Saka vert sendt til kommunestyret. Bustadhus på eigedomen vert beskatta etter eigedomsskattelova og resterande del vert fritatt etter paragraf 7, bokstav a.

SAKNR. 026/15

SØKNAD OM FRITAK FOR EIGEDOMSKATT FOR BYGNINGAR MED HISTORISK VERDI GBNR 47/5

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Våningshuset på gr 47 br 5 får ikkje fritak frå eigedomskatten med medhald i eigedomskattlova § 7 bokstav b.

15.09.2015 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FORM-026/15 VEDTAK:

Våningshuset på gr 47 br 5 får ikkje fritak frå eigedomskatten med medhald i eigedomskattlova § 7 bokstav b.

SAKNR. 027/15

SAK VEDRØRANDE VARSLINGAR FRÅ TILSETT

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

15.09.2015 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Saka vart drøfta i møtet. Det var utarbeidd eit felles framlegg til vedtak som vart samrøystes vedteke.

FORM-027/15 VEDTAK:

Når det gjeld varslingar/klagar som MH sende til kommunen i samband med saka, ser kommunestyret på behandlinga av desse som avslutta. Krav om gjennomføring av faktaundersøking knytt til varslingane/klagane har vore lagt fram for Arbeidstilsynet, som har avvist dette kravet. Kommunen har elles oppfylt dei pålegga som Arbeidstilsynet har gjeve relatert til striden om barnevernet.

Samnanger kommune er samd i at det er uheldig at saka har trekt ut i tid. Det beste for alle partar hadde vore om saka hadde vore avslutta mykje tidlegare.

Samnanger kommune har gjennom denne saka fått erfara kor vanskeleg slike saker er og at det er viktig å ha gode rutinar og reglar for å handtera varslingar. Erfaringane har medført gjennomgang av regelverket vårt og resultert i nye rutinar for handtering av varslingar knytt til HMT.

SAKNR. 028/15

FØRSPURNAD OM AUKA REFUSJON AV ADVOKATUTGIFTER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet sitt vedtak i sak 33/14 vert oppheva.

Magda Haugen får dekka utgifter til advokathjelp knytt til intervju med advokat Harald Hove samt og førebuing og etterarbeid i samband med intervjuet. Utgiftene – kr 10.730,- vert ført på konto nr 1.2700.1200.1000.

15.09.2015 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FORM-028/15 VEDTAK:

Formannskapet sitt vedtak i sak 33/14 vert oppheva.

Magda Haugen får dekka utgifter til advokathjelp knytt til intervju med advokat Harald Hove samt og førebuing og etterarbeid i samband med intervjuet. Utgiftene – kr 10.730,- vert ført på konto nr 1.2700.1200.1000.

SAKNR. 029/15

SØKNAD OM TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET TIL DELFINANSIERING AV BROSJYRE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune imøtekjem søknaden frå Samnanger næringsforum om tilskot på kr 5.000 til delfinansiering av brosjyre om næringsverksemder i kommunen. Midlane vert utgiftsført på konto nr. 1.4700.1400.3251 tilskot til private. Midlane vert dekka ved at tilsvarande sum vert flytta frå å konto nr. 1.402.1400.3251 marknadsføring.

For ettertida ber me om at søknader om tilskot vert fremja i god tid før prosjekt vert sett i gang.

15.09.2015 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FORM-029/15 VEDTAK:

Samnanger kommune imøtekjem søknaden frå Samnanger næringsforum om tilskot på kr 5.000 til delfinansiering av brosjyre om næringsverksemder i kommunen. Midlane vert utgiftsført på konto nr. 1.4700.1400.3251 tilskot til private. Midlane vert dekka ved at tilsvarande sum vert flytta frå å konto nr. 1.402.1400.3251 marknadsføring.

For ettertida ber me om at søknader om tilskot vert fremja i god tid før prosjekt vert sett i gang.

SAKNR. 030/15

INTERKOMMUNAL NÆRINGSAREALPLAN FOR FUSA, OS OG SAMNANGER - ENDELEG GODKJENNING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune godkjenner næringsarealplan for Fusa, Os og Samnanger og vil leggja prinsippa om lokalisering av næringsareal nedfelt i denne planen til grunn for arbeidet med kommuneplan for Samnanger.

15.09.2015 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FORM-030/15 VEDTAK:

Samnanger kommune godkjenner næringsarealplan for Fusa, Os og Samnanger og vil legga prinsippa om lokalisering av næringsareal nedfelt i denne planen til grunn for arbeidet med kommuneplan for Samnanger.

